

## Lindås Kommune

Byggesaksavdelinga

Dykkar referanse: 19/27-19/12491

### Anke på avslag for oppføring av kai, flytebrygge og veg – gbnr 123/45 Risa

Søknaden gjeld veg ned til naustet og kai m/flytebrygge ved naustet.

Når det gjeld vegen ned til naustet så er vegretten tinglyst i skøytet på tomta. Eg sende brev til kommunen i 2008 med spørsmål om å få klarlagt kvar eg skulle ta ut denne vegen. Trass i purring har eg aldri fått svar frå kommunen på dette. Heller ikkje no vert det gitt noko svar i forhold til min tinglyste rett på veg over det som i dag er kommunen sitt areal.

Det kan sjølv sagt vera forskjellig syn på veg gjennom dette området som er sett av til leik og fritid. Imidlertid kan eg ikkje heilt skjønna at ein veg gjennom dette arealet fører til meir privatisering. Etter mitt syn vil ein veg inn i området gje ein adkomst til området som er langt betre enn i dag, og gjev betre tilgang for brukarane. Universell utforming er ei viktig sak i dagens samfunn. Eg kan ikkje skjønna anna enn at ein veg vil gjera dette friområdet tilgjengeleg for langt fleire, ikkje minst det å koma fram med barnevogn og for rørslehemma. I alle fall oppfattar ikkje eg at dersom eg får bygd veg gjennom dette arealet så hindrar eg andre å nytta tilkomsten.

Når det gjeld søknaden om å bygga kai med flytebrygga vil eg henvisa til det som står i søknaden. Eg driv ganske stort med hobbyfiske, med garn, liner, ruser, teiner og anna fiskeutstyr. Det vil sei at det er mykje utstyr som skal om bord i båt og på land att. I svaret eg har fått vert det henvist til at det er ei småbåthamn like ved. Sjølv sagt kjenner eg til denne småbåthamna, me bygde naustet vårt i 1973 så veksten på småbåthamna har eg fylgt heile tida. Imidlertid hjelper ikkje det på det å lasta og lossa fiskeutstyr, for lagringsplassen for fiskeutstyret er jo framleis naustet mitt der eg ikkje har gode landingsforhold i dag. Det er difor eg ynskjer å byggja kai, for å få sikrare lasting, lossing og om bord/ilandstiging. I denne samanhengen vil eg og henvisa til vår dystre drukningsstatistikk i Noreg. Etter mi forståing av arbeidet med å redusera drukningsdøden må også det argumentet takast med i vurderinga.

Det vert i avslaget henvist til småbåthamna like ved naustet mitt. Eg vil i mi anke på avslaget henvisa til den verklegheita som er i området. Frå og med Finnesbø og ut heile Rissundet er det mange kaiar og naust, dei fleste sett opp seinare enn me bygde vårt naust. Etter mi oppfatning er heile dette området svert godt tilrettelagt for båtbruk og derved mindre eigna for strandliv. Imidlertid vil eg henvisa positivt til vika mellom proviantkaien til båtforeininga og naustet mitt. Eg er svart nøgd med at me i Rissundet Velforeining greide å stansa kommunen i å overdra dette området til båtforeininga på 80 talet. Den stranda er den beste plassen for vassing og strandliv i området. Eg reknar med at alle er kjend med at heile strandlina i Rissundet er friområde med adgang for alle. Heldigvis er dette eit svert stort område som er fritt til å nyttast av alle som bur i Rissundet, men også andre. Mi nausttomt

ligg heilt i sør austre del av bustadområdet. Eg har difor problem med å skjøna at eigedomen min skal verta rekna med og hindra meg frå å få trygg adkomst mellom båt og naust.

Når saka skal handsamast i Plan og Miljø utvalet vil eg be om at utvalet kjem på synfaring.

Rissundet 19.05.2019

Dag Unnar Mongstad